

HØYRINGSSVAR

Vegval for framtidig kyrkjeordning

Høyring februar – juni 2015

Syner til Kyrkjerådets sitt høyningsnotat «*Veivalg for fremtidig kirkeordning*» I høyingsnotatet vert ei rekke tema og vegval for den framtidige kyrkjeordninga med i alt 27 spørsmål presentert.

Sjå bakgrunnsmateriale på denne nettadressa: www.kirken.no/kirkeordning

Høyningsinstansen gjev merksam på at spørsmåla står i eit visst forhold til kvarandre, noko som er påpeika i tekst.

Det er også høve til å gje svar berre på eit utval av spørsmåla.

Høyringssvar sendas elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svara i denne Word-fila og send som vedlegg til e-post).

Opplysning om høyningsinstansen:

Namn på sokn/kyrkjeleg fellesråd/organisasjon: **Hemsedal Kyrkjelege Fellesråd**

Sokneråd: **Soknerådet i Hemsedal**

Adresse: **Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal**

Kontaktperson: **Kjetil Th. Storebråten- Kyrkjeverje**

Høyringsspørsmåla

1. Bør det gjerast endringar i fordelinga av oppgåver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall kva og kvifor?

Svar: JA. Soknet må vera grunneininga i kyrkja og soknet må styrkast. Arbeidsgjevaransvaret må leggast til prostinvå, og blir felles for alle tilsette. Ergo får Bispedømmerådet noko mindre makt. Den lokale kyrkja må styrkast. Stikkord er nærliek til kyrkjelyd og kommune. Det gjev robustheit og fleksibilitet i nyttinga av ressursar (menneskeleg, materielt og økonomisk)

2. Deler høyringsinstansen Kyrkjerådet si vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste for å sikra ei brei folkekirkje?

Svar: JA. Staten løyver i dag til prest, sentral administrasjon, og bispedømma. Kommuna dekker drift av kyrkjebygg og gravplass og kommunen dekker i dag 2/3 av utgiftene til Kyrkja.

I 2013 kom ein rapport om det livssynssopne samfunn.

Der står det at staten skal dekke alt for dei andre livssynssamfunn (ikkje kommunen)

I høyringsnotat frå 2014 vert det vist til Grunnlova sin paragraf 16. Der står det at Kyrkja skal understøttast av staten.

Fellesrådet meiner at kyrkja må verta finansiert slik som før.

Kyrkjemøtet fordeler eit rammetilskot.

Framtida er usikker, men ein må rekne med at nokon kommunar slår seg saman. Det vil også påverka sokna. I denne prosessen er det viktig å avklara kva som skal skje med kyrkja, fellesråda og sokna.

Forslag til tre ordningar:

1. Medlemsavgift. Kravd inn over skattsetelen

2. Livssynsavgift må betalast av alle- Midla blir fordelt på ulike livssynssamfunn.

For dei som ikkje er medlem, blir avgifta overført til eit livssynsfond.

3. Kombinasjon av offentleg finansiering og medlemsavgift. Dersom dagens ordning fell bort, kva for ordning vil soknet velja då?

Svar: Dagens ordning er den beste, for då er både stat og kommune inne som før, Kyrkja vert sikra ei stabil inntekt. Frivillig medlemsavgift kan lett føra til at ein mistar medlemmar. (Sverige opplevde det)

Om dagens ordning fell bort: Kombinasjonsløysing med offentleg støtte og livssynsavgift. Det er mest forutsigbart.

3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kyrkje fell bort, kva ordning vil høyringsinstansen gå inn for? Grunngje synspunktet.

Svar: Me meiner at ei kombinasjonsløysing med offentleg finansiering, og ei livssynsavgift som er pliktig for alle og betalt over skattesetelen er det beste. Medlemsavgift blir for usikkert, og inntekta vil bli redusert dersom mange melder seg ut av kyrkja.

4. Korleis kan kyrkjestrukturen forenklast for at knappe ressursar kan bli rasjonelt utnytta?

Svar: Strukturen kan forenklast, men ikkje på lokalt nivå. Soknet er viktig, og er sjølve grunnmuren i kyrkja. Lokalt engasjement er viktig. Samanslåing av kommunar vil føra til større einingar, og færre fellesråd, dersom kommunereforma blir gjennomført.

5. Har høyringsinstansen synspunkt på kriteria for soknestørrelse og sokneinndeling i ei framtidig kyrjeordning?

Svar: Dette er avhengig av kva for oppgåver og ansvar sokna får. Sjå også svar på spm. 4.

Soknerådet er her einige i Kyrkjerådet sin foreløpige vurdering. Folkekyrkja må bestå som det viktigaste organet i kyrkja.

6. Bør ordninga med to organ for sokna (sokneråd og fellesråd) vidareførast?

Svar: JA. Må vera to organ for soknet, slik som før. Blir det eitt organ, mister ein nærlieken til eigen kyrkjelyd, og det blir mykje meir arbeid for dei som skal sitte i organet. Soknerådet går for Kyrkjerådets fleirtalsinnstilling (alt. A)

7. Om ordninga vidareførast: På kva nivå bør fellesorgan for fleire sokn ligge (kommunenivå eller anna nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: Kommunalt nivå. Eventuelt interkommunalt der fellesorgan blir for lite.

8. Om ordninga vidareførast: Bør det gjerast endringar i oppgåvefordelinga mellom sokneråd og fellesråd?

Svar: Soknet bør styrkast og gjevast meir mynde. Fyrst og fremst har soknet eit ansvar i forhold til Kyrkjelovas § 9, men soknet bør også gjevast meir vekt og påverknad i tilsettingssaker. Dette sjølv om dei ikkje har tilsettingsmynde. Soknet har eit viktig ansvar i kyrkjelydsbyggande arbeid.

9. Bør all verksemnd i soknet underleggast styrings- og leiaransvar til soknet sitt organ?

Svar: JA.

10. Korleis bør dagleg leiing for verksemda i soknet organiserast?

Svar: Kyrkjeverja bør ha ansvar for det administrative og økonomiske, medan presten har leiaransvar for den åndelege og pastorale tenesta. Då kan begge funksjonane i samarbeid utføra oppgåver med sin kompetanse.

11. Kva for rolle bør biskopen ha i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Biskopen må ha spesielt ansvar for dei vigsla prestane, og ha den åndelege leiinga av kyrkja, samt fag og rådgjevingsansvar. Biskopen skal ha læreansvaret, og sjå til at gudstenesteliv, forkynning og forvaltning av sakrament skjer på rett måte.

12. Kva verkemiddel bør Biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på ein god måte?

Svar: Vigsling av stillingar må ligge under Biskopen. Biskopen skal være den som ordinerer og vigslar. Biskopen skal også ha mynde til å tilbakekalla dei fullmakter som er gjeve ved ordinasjon og vigsling. Visitas må også i framtida vera ein av måtane Biskopen utfører sitt tilsyn på.

13. Korleis bør utpeiking av biskopar skje i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Bør halda fram som i dag med at kyrkjerådet tilset. Det bør vera ei rein valordning for biskopar. Kyrkjerådet tilset.

14. Bør bispedømmerådet oppretthaldast som rådsorgan på bispedømmenivå, og kva skal i så fall vera bispedømmerådet si rolle i kyrkjestrukturen?

Svar: Bispedømmerådet bør ikkje oppretthaldas, då oppgåvene fell bort dersom prostinivået får arbeidsgjevaransvar. Stab på bispekontoret kan behaldas. Bispedømmerådet er eit rådgjevande organ som støttar biskopane. Elles bør det leggas ned. Styringa/leiinga må væra nær sokna.

15. Kva for oppgåver bør i så fall leggast til bispedømmerådet?

Svar: Sjå svar på spørsmål 14.

16. Bør alle tilsette ha den same arbeidsgjevaren, og kva for organ bør dette i så fall vere?

Svar: JA. Prostinvået. Den geistlige lina blir teken hand om gjennom prosten. Det blir eit robust organ med fleksibilitet i forhold til å nytte ressursane på ein god måte.

17 I kva grad bør arbeidsgjevarfunksjonar fordelast på dei ulike organa? (Biskopen vert i denne samanhengen rekna som eit organ).

Svar: Det daglege ansvaret kan delegerast til sokneråd/fellesråd, medan arbeidsgjevarfunksjonar framleis vil ligge på prostinvå.

18. I kva grad bør det opnast opp for lokale og regionale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvaret?

Svar: NEI. Det bør ikkje opnast opp for dette p.g.a. uforutsigbarheten dette kan føra til.

19. Korleis bør ein på best mogeleg måte ta hand om særpreget til prestetenesta og andre vigsla tenester?

Svar: Dei vigsla er forplikta på sin ordinasjon/vigslig til å ta hand om særpreget og den åndelege verksemda i si kyrkje. Ingen andre enn biskopen kan overprøva dette. Biskopen bestemmer forordna gudstenester. Det må leggast til rette for fagleg og åndeleg fordjupning.

20. Har høyringsinstansen synspunkt på Kyrkjemøtet si rolle i kyrkja ?

Svar: Kyrkjemøtet si rolle bør vidareførast som i dag. For å ivareta ei forsvarleg handsaming av læresaker, er det nødvendig å ha sikringsbestemmelser i Kyrkjemøtet sin forretningsorden.

21. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis Kyrkjemøtet skal setjast saman ?

Svar: Kyrkjemøtet si samansetjing må endrast. Kyrkjemøtet bør setjast saman av biskopane, samiske representantar, døvekyrkjeleg representant, og eventuelt nokon valde prestar og leke tilsette, slik som det er i dag. Hovuddelen av Kyrkjemøtet må bestå av eit antal representantar frå sokneråd/fellesråd (evt. prostiråd). På denne måten vil det kyrkjelege demokratiet bli teken best hand om. Soknerådsmedlemmer (evt. prostiråd), som er vald ved opne kyrkjeval, der alle kyrkjas medlemmer kan stemme, er dei som bør utgjera hovuddelen av Kyrkjemøtet.

22. Har høyringsinstansen synspunkt på Bispemøtet sine oppgåver og rolle i kyrkjeordninga, irekna forholdet til Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet ?

Svar: Me følgjer mindretallet 1B. Bispemøtet er ansvarleg for førebuing og oppfølgjing, samt gjev innstilling i lære- og liturgisaker overfor Kyrkjemøtet.

23. Har høyringsinstansen synspunkt på spørsmålet om leiinga av biskopane ?

Svar: Preses vert gjeve rolla til å ta hand om arbeidsgjevarfunksjonar for dei andre biskopane.

24. Har høyringsinstansen synspunkt på Kyrkjerådet sin funksjon og samansetjing?

Svar: Me sluttar oss til 1A og 3B i Kyrkjerådet si foreløpige vurdering.

25. Bør ordninga med ei eiga lerenemnd videreførast, og kva funksjon skal ei slik nemnd i så fall ha ?

Svar: Me meiner det same som Kyrkjerådet si foreløpige vurdering B:

DNK's lerenemnd bør videreførast som eit sentralkyrkjeleg organ med same funksjon som i dag. Grunngjeving: DNK's bispemøte har dei seinare åra mangla medlemmar med ekstra teologisk kompetanse. Derfor treng kyrkja ei lerenemnd med breiare fagleg kompetanse enn den som Bispemøtet har. Me deler argumenta for ei lerenemnd som vert nemt i «Vegval» på side 88/89.

26. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis ansvaret for samisk kyrkjeliv skal bli teken hand om i ei framtidig kyrkjeordning?

Svar: Som i dag.

27. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis ungdomsdemokratiet og Ungdommens kyrkjemøte skal bli teken hand om i ei framtidig kyrkjeordning ?

Svar: Slik som i dag.

Med Helsing
Hemsdal Kyrkjelege Fellesråd